

## Saksprotokoll i 14.02.2020 - fylkesutvalet

**Terje Søviknes (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt:

Tre siste avsnitt i punkt 1.1 i skyssreglement for vidaregåande opplæring vert stroke, slik at og vidaregåande elevar i bergensområdet har rett til å søke på gratis skuleskyss.»

### **Avrøysting**

Søviknes sitt forslag fekk 4 røyster (Frp, FNB) og fall.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet vedtar skyssreglement for elevar i grunnskulen og skyssreglement for elevar i den vidaregåande skule slik det går fram av saka. Reglementa skal gjelde frå og med skuleåret 2020/2021.

Fylkesutvalet ber om ei sak på kva konsekvensar det vil få dersom ein opnar for å bruke skjøn for lang veg i km og/eller tid og trafikkfarleg veg.

Fylkesutvalet ber også om ei tilbakemelding på kor mange stader ein er råka av lengre skuleveg enn det som er tilrådd tid. Og ei oversikt over tal klagesaker og om dei blir tatt til følgje.

Fylkesutvalet ber om utgreiing på følgjande punkt i same sak: Tre siste avsnitt i punkt 1.1 i skyssreglement for vidaregåande opplæring vert stroke, slik at og vidaregåande elevar i bergensområdet har rett til å søke på gratis skuleskyss.